



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/11779-1

## **Skriv og meldingar HSU 18.11. 2015**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

### **Meldesak 1) Sentraladministrasjonen – organisasjonsendringar sak 15/8900-6**

Med tilvising til fylkestinget sitt delegerings- og innstillingsreglement (pkt. 4.6), vedteke i FT-sak 43/12, gjennomførte allmøte, drøftingsmøte med plasstillitsvalde, samt orientering til fylkesutvalet 30.09.15, vedtek fylkesrådmannen følgjande organisasjonsendringar i den fylkeskommunale sentraladministrasjonen:

1. Det vert etablert symmetri mellom politisk og administrativ organisering ved at:
  - a. Dagens næringsavdeling og dagens kulturavdeling vert slegne saman til ei ny nærings- og kulturavdeling (NKA). Den nye avdelinga vil bli leia av 1/ein fylkesdirektør, og vil få to assisterande fylkesdirektørar (éin på næring og éin på kultur). Dei som i dag sit i direktør- og assisterande direktørstillingar ved dei respektive avdelingane vil bli innplasserte i den nye avdelinga.
  - b. Plan- og samfunnssavdelinga vil bli plassert i fylkesrådmannen sin stab og vil bli leia av ein plansjef. Den nærmere organiseringa av dagens plan- og samfunnssavdeling vil bli vurdert i det vidare arbeidet, jf. pkt. 4 under.
2. Personalsjef og informasjonssjef, som no rapporterer direkte til fylkesrådmannen, vil med ny organisering rapportere til assisterende fylkesrådmann.
3. Innkjøpssjef, som no rapporterer til assisterende fylkesrådmann, vil med ny organisering rapportere til økonomisjefen.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til meir detaljerte organisatoriske tilpassingar kring års-skiftet 2015/16.
5. Endringar nemnde i punkta over vil bli gjennomførte frå og med 1. april 2016.

### **Meldesak 2) Anbodsutsetjing, tilbod og val av leverandør av bedriftshelsetenester for 2+1+1 år med verknad frå 01.01.2016.**

Anboden vart lagt på Doffin-database 14.09.2015 med tilbodsfrist 20.10.2015. Det kom inn to tilbod, eit frå Bedriftshelse1 og eit frå Stamina Helse AS. Begge tilbydarane oppfylte kvalifikasjonskrava. Etter nøyne gjennomgang av prisskjema (40 %) og kravspesifikasjonen kvalitet (60 %) har brukarutvalet og innkjøpssjefen i fylkeskommunen bestemt seg for å innstille Stamina Helse AS.

Det er klagefrist til torsdag 23.11.2015 kl. 12.00. Føresagt at det ikkje vert klagehandsaming vil vi deretter inngå kontrakt med valt leverandør.

### **Meldesak 3) 40timarskurset 2015 og ekstra tilbod i februar 2016**

Ordinert grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap vart delvis gjennomfør i haust. Del II vart avlyst pga. få deltakarar. I staden vert det sett opp att eit kurstilbod i februar 2016. Dagane 3., 4., 24. og 25. februar er sette av og ny invitasjon vert lagt på Portalen og sendt som bre til einingsleiarane.

### **Meldesak 4) Melding om gjennomført samling**

Melding om gjennomført samling for hovudverneomboda (HVO) i regi av fylkeshovudverneombodet (FHVO). Denne årlege samlinga i regi av FHVO er eit fagseminar/nettverksseminar for dei 15 hovudverneomboda som utgjer fagnettverket til fylkeshovudverneombodet. Munnleg orientering i møtet.

### **Meldesak 5) Innspel frå LAMU sentraladministrasjonen i sak 09/15**

Trude Os frå NAV arbeidslivssenter orienterte om rolla til arbeidslivssenteret, og kva dei kan bidra med av kompetanse. Det var ynskje frå arbeidslivssenteret om at ein skulle nemne opp ein arbeidstakarrepresentant frå LAMU og ein arbeidsgjevarrepresentant frå LAMU som kontaktpersonar til NAV arbeidslivssenter.

LAMU sender denne saka til HSU, og spør korleis dei enkelte LAMU i sentraladministrasjonen skal forhalde seg til dette. LAMU sentraladministrasjonen er av den formeining at ein kan fortsetje med ordninga slik den har vore hittil (ein kontaktperson for heile fylkeskommunen).

### **Meldesak 6) Innbyding til HMT-SAMLING**

Fleire einingar har i årsmeldingane frå LAMU signalisert ynskje om opplæring/dagskurs i HMT. Stamina Bedriftshelseteneste arrangerer ei samling for LAMU-medlemar som tek utgangspunkt i LAMU sitt arbeid. Kursa vil bli haldne i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Kursa vert leia av HMT-rådgjevarane Arnhild Melve, Bodil Ryste og Anne Sigrid Loftesnes Harjo.

Sjå Portalen: <http://intranett.sfj.intern/fortilsette/aktuelt/Sider/HMT-kursdag-for-LAMU,-HVO,-VO-og-leiarar.aspx>